

Lyd- og formverket i gausdalsmålet

Jens Haugan, HINN

Eg ønskjer å presentere starten på eit grammatisk kartleggings- og analyseprosjekt der eg undersøker lyd- og formverket i målet i Gausdal, ein kommune sør i Gudbrandsdalen i Innlandet fylke. Målførestudier i form av kartleggingar og systematiseringar høyrer i praksis gjerne til ei svunnen tid i nordiskfaget, der ein i dag ofte heller ser på sociolingvistiske utviklingstrekk i samband med sosiale forhold, urbanisering og påverknad frå skrift- og mediesamfunnet. Eg ønskjer likevel å sjå bakover og undersøkje kva for språkhistoriske og språkinterne mekanismar som kan ha ført fram til lyd- og formverket i gausdalsmålet, som då er forskingsspørsmålet mitt. I samband med dette vil det i første omgang vere relevant å diskutere metodiske utfordringar knytte til notasjonen av målføreprøver. Sjølv om tradisjonell målføregransking har vore sterkt nedprioritert i academia dei siste tjue åra, kan det sjå ut som om det er ei aukande interesse for ordlister og bøker om dialekter og lokale forhold. Eit relevant spørsmål vil då vere korleis ein skal presentere dialektale ordformer i ei skriftform som kan brukast av fleire enn berre språkforskarar. Norvegia og IPA vil gjerne vere utfordrande for folk flest, og det vil elles kunne vere nyttig å få fram ein etymologisk og systematisk samanheng i ei språkhistorisk orientert framstilling av eit målføre. Den første og største delen av føredraget vil då vere ein presentasjon av og ein argumentasjon for notasjonsmodellen som eg vel å bruke i arbeidet mitt, før eg vil gje nokre døme på utviklingar i gausdalsmålet som eg finn spesielt interessante. Nokre av dei systematiske utviklingane kan forklarast ut ifrå dei ulike alternativa som følgde med kvantitetsomlegginga etter den gamalnorske perioden, der tidlegare kortstavingsord kunne få ulike uttale- og bøyingsformer i ulike målføre i landet. Og andre kan t.d. ha å gjere med mekanismane fonetisk svekking, assimilasjon eller analogi.